

KULTUR

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: **redaksjonen@nordhordland.no**

Tlf: **56 35 55 55** Tipstelefon: **916 20 916**. SMS/MMS: **NHTIPS til 2005**

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.



Dei tre båtlaga fullførte roturen frå Lygra til Bergen i fin stil. Her er det klart for strandhogg i Kvamsvågen. **FOTO: PRIVAT**



EITT AV DEI TRE BÅTLAGA: Knut Inge Hindenes (fremst), Hans Kenneth Sundsbø, Asbjørn Eidsheim, Bjarne Gausvik og Geir Øy. **FOTO: SIGNAR KRISTOFFERSEN**



VAR MED OG RODDE: Jarle Hodnekvam (fremst), Kåre Jordal, Øystein Valle, Knut Sørheim og Arne Reigstad. **FOTO: SIGNAR KRISTOFFERSEN**

Historisk rotur til

Dei var med på eit historisk oppdrag, mannskapa i dei tre båtlaga frå Alver som rodde frå Lygra til Hamre. Sunniva-seglasen langs Kystpilegrimsleia var ei markering av at det i år er 850 år sidan flyttinga av skytshelgen Sunniva sine levningar frå Selja til Bergen.

ARTHUR KLEIVELAND
redaksjonen@nordhordland.no

- Vi greidde brasene som ro-folk, her var det godt vaksne folk som kunne ro, smiler Håvard Giezendanner, som er tilfreds med at han kom frå den fem timar roturen (effektiv roing) utan ei blemme i hendene.

Det rauk av sjøen

Han fortel at véret var skiftande, med hyppige slagregnbyger, stundom så harde at det verkeleg rauk av sjøen.

- Men dette knekte korkje humør eller framdrift, forsikrar Giezendanner.

Dessutan hadde dei trass alt dei sjøfarande sin skytshelgen i følgje, pluss fleire prestar om bord.

Saman med robåtane, to oselvarar (seksæringar) og ein kyrkjebåt frå Granvin frå 1895, gjekk sognejekta «Den gode hensikt» med Sunnivaskrinet om bord.

Både jekt og skrin er reproduksjonar. Roturen gjekk i tradisjonstunge farvatn - Lygra, Bruknappen, Alverstraumen, Lyseknappen, Kvamsvågen, og gjennom Alverstraumen, Hagsundet, og til Hamre.

Varta opp med betasuppe i naustet

Dei tre båtlaga og mannskapet om bord i sognejekta, gjorde eit strandhogg i Kvamsvågen, der Helge Haugland som vertskap inviterte på betasuppe og forfriskningar i sjønaustet sitt. Det var kjærkome etter at båtlaga hadde rodd i tre samfulle timar i strekk.

- Det smakte fortrefteleg, forsikrar Giezendanner.

Det var Atle Bergseth i IL



Tre seksæringar vart rodde frå Lygra til Hamre. Her er dei komne til Kvamsvågen

Kvernbit si rogruppe som saman med Kystkultur.no tok initiativet til rofølgjet gjennom våre farvatn. Sogneprest Geir Øy stabla på beina eit mannskap til tre båtlag.

- Folk stilte sporty opp, fortel Øy, som også var med og tok sin tårn.

La brev med håp i skrinet

Som eit ledd i Sunniva-seglasen var det kveldsgudsteneste i Lygra kyrkja, før seglasen held fram om morgonen dagen etter. I kyrkja møtte unge konfirmanantar gammal historie. I løpet av gudstenesta bidrog dei også sjølv, og la brev med håp for framtida i Sunnivaskrinet som

vart med vidare på pilegrimsferda.

Då Sunniva-skrinet kom til Hamre vart følgjet tatt imot av Britt Reigstad Clausen og Åge Clausen som hadde nysteikte bollar og kaffi til både roarar og mannskapet på Sunniva-seglasen. Om kvelden vart det halde økumenisk gudsteneste i den historiske kyrkja, og skrinet fortsette til Bergen dagen etter ombord i sognejekta.

Valfartsstad for pilgrimar

Ved at skrinet for 850 år sidan kom til Kristkyrkja i Bergen vart byen ein valfartsstad for pilgrimar, og byen sin prestisje



Helge Haugland serverte betasuppe i sjøhuset sitt då båtlaga kom til Kvamsvågen.

FOTO: SIGNAR KRISTOFFERSEN



Hans Kenneth Sundsbø i prat med dei fire ungdomspilgrimane som var med på reisa frå Selja til Bergen.

FOTO: PRIVAT



Det var fortreffelig med betasuppe i Kvamsvågen etter tre timars roing.

FOTO: SIGNAR KRISTOFFERSEN

minne om St. Sunniva



i Alverstraumen. Sognejekta Den Gode Hensigt med Sunnivaskrinet i bakgrunnen.

FOTO: KJELL MAGNUS ØKLAND/KYSTKULTUR.NO

og stilling vart styrka.

Sunniva-seglasen frå Selja til Bergen var til minne om flyttinga av Relikvieskrinet med levningane etter kongsdattera Sunniva frå Irland, som stranda på Selje etter å ha flydd heimlandet. Noregs første bispesete vart lagt til Selja, men både bispesete og Sunniva-skrinet vart sidan flytta til Bergen.

Pilegrimsreisa som markerte 850-årsjubileet vart gjort med lokale og tidsriktige båtar langs heile ruta mot Bergen, som ein form for stafett med gamle jekter og store robåtar.

Desse var med i dei tre båtlaga frå Alver:

Knut Inge Hindenes, Asbjørn

Eidsheim, Bjarne Gausvik, Atle Bergseth, Torstein Flatøy, Magnar Hellen, Kåre Jordal, Øystein Valle, Knut Sørheim, Hans Kenneth Sundsbø, Jarle Hodnekvam, Arne Reigstad, Håvard Giezendanner, Helge Tangen, Geir Øy.

Dette er Sunniva av Selja

Sunniva var ei kristen irsk kongedotter som levde på 900-talet. Legenda som blei skriven på latin rundt år 1170, fortel at ho flykta til Norge i 960-åra for å unngå ein heidensk friar. Sunniva og følget kom til øya Selja, og søkte tilflukt i ei hule som vi no kjenner som Sunniva-helleren.

Under Håkon Jarl ville dei heidenske nordmennene fordrive dei framande. Sunniva ba til Gud, og det kom eit ras som stengde hola.

Då Olav Tryggvason ca 30 år seinare samla beinrestane etter martyrane, blei Sunniva sin kropp funnen heil og uskadd. Leivningane til Sunniva blei lagt i eit relikvieskrin som seinare blei sett i kyrkja som kong Olav Tryggvason bygde på øya.

Sunniva blei ein lokal helgen for Vestlandet, og for sjøfararar. Sunniva er Norges einaste kvinnelege helgen.

KJELDER:

STORE NORSKE LEKSIKON, FORSKNING.NO, NRK SKULE



I KILSTRAUMEN: Ungdomspilegrimane Dina Øien, Sunniva Aadland Høen, prosjektleiar Kjell Magnus Økland, Victoria Lid og Elisabet Osdal på bryggja i Kilstraumen i Austrheim.

FOTO: ROY A NILSEN/KYSTKULTUR.NO



God stemning og servering i Helge Haugland sitt sjøhus i Kvamsvågen.

FOTO: SIGNAR KRISTOFFERSEN



– Folk stilte sporty opp, fortel sokneprest Geir Øy, som også var med og tok sin tørn.

FOTO: SIGNAR KRISTOFFERSEN